VRI Sogn og Fjordane

Forskningsrådet

Program

VRI – Verkemiddel for regional FoU og innovasjon

Innovasjon med naturgitte føresetnader i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har naturgitte føresetnader for vidareutvikling av både marine næringar og fornybar energi. Begge har eit marknads- og ressurspotensial for framtidig verdiskaping. I tillegg har fylket ei god breidde av bedrifter innafor mange bransjar med potensiale til utvikling og vekst, og dei er målet for satsinga på bransjeoverskridande kompetansemekling.

VRI handlar om regional verdiskaping. Aktørar frå ulike fagmiljø samarbeider på tvers av akademiske og praktiske skiljeliner, og deler sin kunnskap med kvarandre. Samtidig som fleire bedrifter skal arbeide med utvikling via forsking, kan forskingsmiljøa nytte bedriftene og deira tilsette i undervisninga. Slik oppstår nyskaping og kunnskapsutvikling. Geografisk nærleik mellom aktørane legg forholda godt til rette for dei generelle målsetjingane i VRI-satsinga.

To viktige næringar
Med hovudmål om å utvikle eit konkurransedyktig og høgt kvalifisert nærings- og arbeidsliv har VRI Sogn og Fjordane valt å ha fokus på desse næringane: Marine næringar og Fornybar energi.

Marine næringar
Tema nye artar og berekraftig utvikling vil bli sentrale for VRI Sogn og Fjordane, og kompetansemekling og forprosjekt vil vere viktige verkemiddel. Gjennom VRI skal vi ha fokus på å auke verdiskapinga i ein berekraftig marin sektor. Vi vil arbeide for å auke kompetansen i alle ledd i verdikjeda, jobbe for bransjenettverk og sikre kontakt med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø. Vi skal knyte lokale FoU-behov opp mot dei tunge forskingsprogramma og forskingsmiljø utanfor fylket (Havforskingsinstituttet, Nofima, CMI, UiB, Sintef, UMB).

Fornybar energi
Leverandørindustrien til vindkraftproduksjon er under vekst. Gjennom kompetansemegling til bedrifter skal VRI stimulere og mobilisere til større forskningsinnsats og til oppbygging av teknologisk(e) kompetansemiljø innafor denne næringen. Vi skal samarbeide med Vindkraftforum Sogn og Fjordane, samt relevante bedriftsnettverk og prosjekt. Forskningsoppgåvene og -behova, i særleg grad teknologiske og økonomisk-teknologiske, vil verte formidla til relevante forskningsmiljø.

VRI (Virkemiddel for Regional FoU og Innovasjon) er eit tiårig program i regi av Forskingsrådet, og det starta opp i 2007. VRI skal fremje innovasjon, kunnskapsutvikling og verdiskaping i regionane gjennom FoU-samarbeid mellom næringsliv og forskingsmiljø. VRI består av eit samhandlingsprosjekt og minst eitt innovasjonsforskingsprosjekt i kvar region.

Då det ikkje er nokon fasit for korleis ein best kan tilrettelegge for innovasjon, er VRI og eit «laboratorium» for å vidareutvikle etablerte virkemiddel og eksperimentere med nye.

Når næring og forskingsmiljø samarbeider kan VRI vere med å finansiere:

Personmobilitet – prosjekt som gjer det mogleg for studentar, forskarar og næringslivsfolk å krysse institusjonelle grenser og skaffe seg erfaring frå – og sjølve medverke i – nye miljø.

Kompetansemekling – ei ordning der ein kvalifisert rådgivar (meklar) hjelper bedrifter til å finne rett forskingskompetanse.

Forprosjektmidlar – finansiell støtte som stimulerer bedrifter til auka bruk av FoU.

Dialogmetoder:
Regional dialogkonferanse – ein møteplass der dei regionale aktørane kan bli kjende med kompetansen og rollene til kvarandre og utvikle ei felles forståing av kva dei kan gjere saman.
Regional foresight – ein tilrettelagd, deltakarbasert prosess for å forstå framtidige utfordringar. Prosessen kan brukast til å skape oppslutnad om ein regional agenda for FoU og innovasjon.
Dialog og brei medverknad – ei samarbeidsform som dreg dei tilsette med i innovasjonsarbeidet, og der aksjonsforskarar hjelper til i prosessen. Denne samarbeidsforma kan brukast både i bedrifter, i nettverk og på regionalt nivå.

Kompetansemekling
Bransjeoverskridande kompetansemekling vil vere ein viktig aktivitet i VRI Sogn og Fjordane. Gjennom oppsøkande verksemd, samhandling med mellom andre Innovasjon Noreg og Inkubatorverksemd i fylket, skal kompetansemeklar identifisere bedrifter som har potensiale for å gjennomføre FoU-prosjekt i samarbeid med kunnskapsmiljø. Vi skal medverke til å identifisere og definere prosjekt, kartlegge moglege finansieringskjelder, og hjelpe til å få prosjektet realisert.

Forskingsprosjektet «Innovation in Rural Places – Conditions and Barriers» skal ha fokus på innovasjon i små samfunn og i nettverk som dei vi finn i Sogn og Fjordane. Vi tek utgangspunkt i eksisterande og nye innovative nettverk. Målet er å identifisere dynamikk, rammevilkår og barrierer for å få ei betre forståing for innovasjon i småskala samfunn, og bidra til å styrke desse nettverka med kunnskap slik at næringslivet på sikt vert meir innovativt.

Organisering
Fylkeskommunen er prosjekteigar og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er prosjektleiar. Forskarprosjektet er leidd av Vestlandsforsking. Andre samarbeidspartnarar er næringslivet, NHO, LO, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet.

Kontaktperson samhandlingsprosjekt
Prosjektleiar Jøril Hovland
Telefon: 482 19 780
joeril@kpsf.no

Kontaktperson forskarprosjekt
Prosjektleiar Dr. Ingjerd Skogseid
Telefon: 916 96 016
ingjerd.skogseid@vestforsk.no

Nettstad: www.vrisfj.no

Norges forskningsråd
Stensberggata 26
Postboks 2700 St. Hanshaugen
NO-0131 Oslo

Telefon: +47 22 03 70 00
Telefaks: +47 22 03 70 01
post@forskningsradet.no
www.forskningsradet.no

Utgivar
© Norges forskningsråd
Verkemiddel for regional FoU og innovasjon – VRI
www.forskningsradet.no/vri

Profilbilete, side 1: M. M. Malvin

Programkoordinator
Anja Gjærum
Telefon: 958 61 043
ag@forskningsradet.no

Idun Alhajjam
Telefon: 22 03 74 78
iha@forskningsradet.no

Layout
Nucleus AS

Trykk
07 Gruppen

Opplag
500

Oslo, desember 2011